

Julegåveaksjonen 2018

25 år med julegåver frå Lesja til Marijampole!

I år er det 25 år sidan Lesjasamfunnet for fyrste gong ga julegåver til barn i Marijampole. Lesja har frå 1993 sendt gåver til ein fast barneheim, men dei siste åra har vi og gjeve til fleire barneheimar og institusjonar i Marijampole. Vi har også fått moglegheit til å hjelpe ein del familiar som lever i stor sosial nød med nødvendige hushaldsartiklar, og det er det ynskjeleg å fortsette med. Ein del av gåvene vi mottek blir også fordelt til familiar som har det vanskeleg. Det er sosialavdelinga i Marijampole kommune som fordeler desse gåvene.

Det litauiske samfunnet har gått gjennom svært store endringar gjennom desse 25 åra. Mellom anna har ein stor barnevernsreform i Litauen ført til at dei store barneheimane som tidlegare har vore eit vesentleg element i litauisk barnevernspolitikk blir avvikla. Barna som treng hjelp og støtte blir i staden tekne hand om på andre måtar. Mange familiar får god oppfølging frå barnevern-tenestene slik at barna kan bu heime. Når dette ikkje er mogleg blir barna tekne hand om i fosterheimar og i bufellesskap med typisk 8-10 barn. I tillegg blir dagsenterordninga prioritert høgt. Vårt inntrykk er at reforma allereie har hatt positiv effekt for barna.

Marijampole kommune har vore tydelege på at julegåveaksjonen er svært viktig. Institusjonane får merksemd, barna får oppleve litt varme og omtanke i høgtida og nokre familiar får støtte til heilt nødvendig utstyr for å greie seg i kvardagen. Felles for barna og familiane deira er at dei framleis treng vår omtanke. Overleveringa vil skje 6. - 9. desember, og i år skal 2 representantar frå Lesja Ungdomsråd vere med på turen.

Slik gir du ei gåve til julegåveaksjonen:


Barn i skulane og barnehagane i Lesja blir med dette oppmoda om å gje ei gåve til barna på ulike institusjonar og til trengjande familiar i Marijampole. Samtidig vil vi presisere at det er heilt frivillig å vere med på dette.

Nokre tips:

- ❖ Det er ofte litt for få pakkar til dei mellom 14 og 18 år
- ❖ Pakkane kan ikkje vera store, då dei skal fraktast med fly
- ❖ Ei fin gåve treng ikkje koste mykje
- ❖ Pakke gåvene i sterkt papir
- ❖ Kort og andre helsingar må festast godt til pakken
- ❖ Hugs å merke gåvene med alder og om det er til jente eller gut

Levering av gåver: Vi kjem innom i barnehagar og skular for å samle inn gåvene måndag den 3. desember.

Om du ynskjer å gje ei pengegåve til Julegåveaksjonen, kan det gjerast med

 til 138997 eller til bankkonto
5082 06 60010

Ta kontakt om det er spørsmål.
Martin: 900 95 301



Glade barn med julegåver frå Lesja

Slik var Julegåveaksjonen 2017

I tillegg til tradisjonell «barn gir til barn-aksjon» var det for fyrste gong mogleg å gje ei gåve gjennom Vipps.

På turen over til Marijampole hadde ungdomsrådsrepresentantane og Lesja kommune med seg om lag 250 julegåver. Pengegåver frå ungdomsrådet, frå tilsette i Lesja kommune og gjennom Vipps-kontoen utgjorde heile 20 000 kr. Pengegåvene vart nytta til innkjøp av nødvendige hushaldsartiklar til om lag ti vanskelegstilte familiar, og til utstyr til ein nyetablert ungdomsklubb.

Besøket i Marijampole starta med møte på rådhuset. I dette møtet stilte Marijampole opp med ordførar og to varaordførarar, samt assisterande rådmann og fleire representantar frå administrasjonen. I 2017 var gruppa på besøk hos fire institusjonar som fekk

julegåver frå barn i Lesja. Først barnebyen Avikilai som har fått gåver frå Lesja sidan 1994 og eit kombinert

bufelleskap og dagsenter for vanskelegstilte barn frå fattige familiar. Her bur 8 barn permanent, medan om lag 20 barn er innom etter skuletid. Vidare vart to dagsenter med til saman om lag 35 barn besøkt. Desse dagsentra ligg i samband med skular i sentrum av Marijampole. På dagsentra var skuledagen over og barna ønska oss velkomen med diktlesing og song. Felles for institusjonane er at barna er omgjevne av omsorgspersonar som sørger for at dei får god mat, leksehjelp, hjelp med personleg hygiene og klede. Det er også lagt til rette for mange ulike aktivitetar for barna i desse institusjonane. Nora Skotte, Marita Brekken Gyldenskog og Irja Heidsve frå Lesja ungdomsråd deltok på turen og fekk oppleve mykje spennande. I tillegg til institusjonsbesøka hadde dei mellom anna samtale med fleire representantar frå ungdomsrådet i Marijampole, der dei fekk utveksla erfaringar, tankar og idear om ungdomsrådsarbeid. Det blir sett pris på og lagt merke til at ungdom er engasjerte i Julegåveaksjonen.



Nora, Marita og Irja legg julegåvene under treet i eit bufelleskap i Marijampole



Både Lesja kommune, Lesja Ungdomsråd og Marijampole kommune ynskjer å takke for alle gåvene!

